



# Sirdal kommune

## Skuleeininga

### PERMISJONSREGLEMENT FOR ELEVAR I GRUNNSKULANE I SIRDAL KOMMUNE

Etter opplæringslova §2-11 kan elevar etter søknad få innvilga permisjon for inntil to veker (10 skuledagar) utanom skuleferiar og skulefridagar. Dersom ein søknad overskrider dette, må eleven formelt skrivast ut av skulen for den tida som går over dei nemnde to vekene. For det tidsrommet utskrivning frå skulen gjeld, må eleven halda seg til reglane om heimeundervisning (jf. opplæringslova § 2-1, femte avsnitt, og § 2-13).

Søknad om permisjon skal grunngjevast skriftleg, og det må søkjast i god tid før det planlagde fråværet. Ved søknad om permisjon for inntil ein dag, kan de bruka **melding** i Visma Flyt skole/Min skule-appen. Ved søknad om permisjon for to dagar eller meir, må denne søknaden i Visma Flyt Skole brukast. Kontaktlærer kan skriva under aleine for søknader som gjeld opptil tre – 3 - skuledagar. For søknader som gjeld meir enn dette, må rektor gjera vedtaket. Vilkåret for å innvilga ein permisjonssøknad er at det er forsvarleg å gje eleven fri frå opplæringa.

Vanlegvis viser skulen størst mogleg velvilje når føresette søker om permisjon for borna sine. Men skulen oppmodar om at det ikkje blir søkt om permisjon utan at det er spesielle/naudsynte grunnar til søknaden. Skulen understrekar at eleven ikkje har rett til å få erstatta den undervisinga han mistar p.g.a. innvilga permisjon. Det er foreldra/dei føresette som tek på seg ansvaret for å gje eleven opplæring i perioden dei søker om permisjon.

Vedtaket om permisjon er eit enkelvedtak, som kan klagast på innan tre – 3 – veker frå dato då melding om vedtaket vart motteke.

Klage på vedtak skjer skriftleg til rektor. Klage blir handsama administrativt av rådmannen.

Anita Heiaas Haugen  
Einingsleiar skule, Sirdal kommune

*Sist revidert 20.06.2019*

---

Postadresse:  
Tonstadveien 28  
4440 Tonstad

Besøksadresse:  
Rådhuset, Tonstad

Telefon: 38 37 90 00  
Telefaks: 38 37 90 01  
Bank kto.: 28014608062

Internett: [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)  
E-post: [post@sirdal.kommune.no](mailto:post@sirdal.kommune.no)  
Org.nr.: 964964165